

Barnas Turlag på orreleik**03.05.2009**

Dette var leirplassen under orreleiken

Barnas Turlag har denne helga vore på tur til Storhaug i Uskedalen, der vi skulle prøva å få med oss orreleiken.

Vi var 13 born og 9 voksne som såg fram mot eit fint døgn i fjellet.



Åtta hanar var i aksjon på det meste

Vi starta frå dalen, laurdag kl. 12.00, i regn og heller litt surt vær. Men med lovande meldingar frå ettermiddagen og utover, så var vi aldri i tvil om at vi skulle på tur. Etter eit par timer på fjellveg, med gode pausar innlagt, kom vi fram til leirplassen. Vi fekk installert oss i lavvoane, og eit par av dei vaksne gjekk ein tur for å finna ved, medan vi andre leika i området rundt leirplassen.

Når veden var på plass fyrte vi opp eit bål, og grilla både pølser, pinnebrød og annan "avansert" grillmat. Etter litt kos og leik gjekk vi til lavvoane i 8-tida på kvelden. Vi rekna med at med den aktiviteten som hadde vore i området, så ville det komma til å ta litt tid før orren kom til å visa seg. Men der tok vi feil! Vi hadde ikkje før komme opp i soveposen før dei fyrste fuglane kom, og både små og store fekk oppleva leiken eit par timer.

Etter nokre få timer med sovn, vakna vi av at fuglane var attende til spellassen i 3 – ½ 4 tida på morgonkvisten. På det meste var det 8 hanar som leika seg ca. 30 meter ovanfor leiren vår. I tillegg hørde vi at det var fleire fuglar på andre stader rundt leirplassen. Etter at hanane hadde spelt seg ei stund, kom det eit par orrhøner til plassen, og då tok leiken seg kraftig opp. Etter ei lita stund med heftig "krangel" om desse to stakkars hønene, tok alt brått slutt. Hønsehauken gjekk til angrep, og fuglane forsvann til alle retningar. Etter dette hørde vi bare fuglane sporadisk rundt om i terrenget, men dei kom ikkje tilbake til oss.

Vi fekk fyr i bålet igjen, og dei som hadde meir pølse og pinnebrød fekk grilla resten, medan andre naut brødkiver til frukost. Før vi rydda saman og gjekk heim var vi oppe til hytta på Storhaug og skreiv oss i turboka. Ein flott gjeng å gå på tur med, og alle einige om at dette hadde vore ei stor oppleveling.

Barnas Turlag